

Vedtekter for næringsfondet i Fjord kommune

Vedteke i kommunestyret 18.11.2021 i K-sak 111/21

1. HEIMEL

Med heimel i konsesjonar som er gitt Tafjord Kraftselskap, seinast ved Kgl. resl. av 24.06.77, og konsesjon gitt til dåverande Grytten Komm. elverk, vert avgift som fell på tidlegare Norddal kommune, no Fjord kommune, etter desse konsesjonane samla i eit næringsfond for kommunen med verknad frå 1979.

Det er ikkje innbetalt til nokon fondskapital i tidlegare Norddal kommune, no Fjord kommune.

Avkastning er:

- Årlege konsesjonsavgifter som vert innbetalt av Tafjord Kraftselskap
- Renter og anna avkastning av fondskapitalen gitt ved kongeleg resolusjon.

Alle konsesjonsavgifter, renter og anna avkastning skal takast til inntekt for næringsfondet og må disponerast i samsvar med vedtektene.

2. FØREMÅL

Næringsfondet skal i første rekkje nyttast til næringsføremål (bedriftsutvikling, etableringstilskot, investeringar i bedrifter) og til kommunale næringsiltak (kommunalt tiltaksarbeid og grunnlagsinvesteringar knytt til næringsføremål).

Midlar frå næringsfondet kan ikkje nyttast til sanering av gjeld eller til ordinær drift av bedrifter eller kommunen. Unntak frå dette er kommunen sine administrative kostnader for å forvalte fondet.

Strategisk næringsplan bør vere retningsgjevande for finansiering som blir gitt frå fondet.

3. FINANSIERINGSFORMER

Finansiering frå næringsfondet skal berre gjevast i form av tilskot. Midlar frå fondet skal ikkje nyttast til aksjeteikning i private bedrifter.

4.VILKÅR

Samla finansiering frå næringsfondet til bedriftsretta nærings tiltak skal som hovudregel ikkje vere meir enn 50 % av samla kapitalbehov for prosjektet. For prosjekt som har særleg verdi i høve til strategisk næringsplan, kan næringsfondet vere med på inntil 75% av finansieringa. Fondstyret kan krevje høvesvis tilbakebetaling av tilskot dersom verksemdar som får tildelt tilskot flyttar frå kommunen innan tre år etter at beløpet (sluttutbetaling) er betalt.

5. INTERNASJONALT REGELVERK

Bruken av næringsfondet må vere i samsvar med internasjonalt regelverk som Norge har slutta seg til på statsstøtteområdet. EØS- avtalen sin artikkel 61 forbyr som hovudregel offentleg støtte til næringslivet. Det er gitt ei rekke unntak frå dette, for eksempel bagatellmessig støtte.

Dersom kommunen sjølv bruker midlane til kommunalt tiltaksarbeid, må ein ta omsyn til Lov om offentlege anskaffelsar.

6. FORVALTNING

Næringsfondet skal forvaltast av eit fondsstyre. Formannskapet er fondsstyre.

I periodar der Fjord kommune organiserer næringsutviklingsarbeidet t.d. gjennom eit prosjekt, kan kommunestyret overlate forvaltninga av næringsfondet til prosjektet. Styret/styringsgruppa for prosjektet vert då fondsstyre for prosjektperioden.

Avgjerdsmynde delegerast frå fondsstyret til kommunedirektøren for saker med tilskotsbeløp på inntil kr 20.000,-, likevel ikkje over kr 60.000,- pr. år.

To eller fleire medlemar i fondsstyret kan krevje at avgjerder i fondsstyret vert lagt fram for kommunestyret for endeleg handsaming. Mindretalsanke må fremjast i det møtet der vedtaket vert gjort.

Midlane i næringsfondet skal plasserast på renteberande konto, slik at midlane er disponible til einkvar tid. Renter vert ført attende til fondet. Budsjett og rekneskap (medrekna balanserekneskapen) skal vere ein del av kommunen sin rekneskap i samsvar med gjeldande forskrifter.

Klage: Avslag på søknad om støtte kan den som er part i saka, klage på, jfr.fvl. § 28. Klageorgan er kommunestyret.

7. ÅRSMELDING OG RAPPORTERING

Det skal leggjast fram årsmelding for bruken av næringsfondet for kommunestyret kvart år. Kopi av denne årsmeldinga skal sendast statsforvaltaren og fylkeskommunen.

8. GODKJENNING AV VEDTEKTENE

Vedtektene kan endrast etter vedtak av kommunestyret. Vedtaket treng godkjenning av statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Kopi av godkjente vedtekter sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune.